



--

Arkiv saknr:	2014/845
Løpenr.:	499/2015
Arkivkode:	U75

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Plan- og miljøutvalet		

Sakshandsamar: Toril Nicolaisen

## **Pålegg om retting og pålegg om stans.**

### **Vedlegg:**

1. PLM-sak 04.06.2014 - 14/57 : Varsel om pålegg om bruksendring og varsel om tvangsmulkt
2. Brev av 19.06.2014 til hytteeigarar i tidlegare Rauland Feriesenter Eiendom AS og detaljreguleringsplan for Leirgravstaulen.

### **Dokument i saka:**

1. Svar på brev av 19.06.2014 – Lino Inversini
2. Vedlagt dokumentasjon på utleige – Bjerke/Senum
3. Vedr. Uliglighetsoppfølging – Klaus Aaby
4. Svarbrev til varsel om tvangsmulkt- Siv Dalen
5. Svar på " krav til utleige " – A.J. og P.H. Nesse
6. Svar på saksnr. 2013/1664 / vedr. utleigeavtale – A.J. Aspelin Evensen
7. Innsigelse mot varsel- Tommy Pevik
8. Vedr varsel om tvangsmulkr- Advokatfirma Eurojuris Haug
9. Vedr varsel om tvangsmulkt – Advokatfirma
10. Merknader til brev av 19.06.2014- S.T. og A Nilsen
11. Saksnr. 2014/46- Knut Åkre
12. Varsel om pålegg- I.L. og T.A gjerde
13. Vedr varsel om pålegg om opphøyr av bruk – H. og V. vikane
14. Vedr varsel om pålegg og opphøyr av bruk- B. Jovik, L. Engebretsen og H. Brorsen

### **Bakgrunn:**

Plan- og miljøutvalet vedtok 04.06.14 i sak 14/57 varsel om pålegg om retting av bruk og varsel om tvangsmulkt for hytter i tidlegare Rauland Feriesenter Eiendom AS og i detaljreguleringsplan for Leirgravstaulen då hyttene i desse to områda var i bruk i strid med

reguleringsføremålet. På grunnlag av dette vedtaket blei det 19.06.14 sendt ut brev til hytteeigarane med varsel om opphør av bruk og varsel om tvangsmulkt med unntak av 3 hytteeigarar som hadde utleigekontrakt. Kommunen varsla om at det kan gjevast ei tvangsmulkt på kr. 40.000,- om pålegget ikkje blei etterkome. For kvar nye 4 veker pålegget ikkje er etterkome vil tvangsmulka auke med kr., 20.000,-.

Situasjonen i dag er at ingen av hyttene er i kommersiell utleige. Dei 3 hyttene som i juni i fjor hadde utleigekontrakt har ikkje det lengre. 3 andre hytter skal iflg opplysingar kjøpast tilbake av seljar, men pr. 07.01.15 er det berre 1 hytte der heimelen er overført til Svalastog Eigedom AS. Det er elles varsla rettslege steg frå andre kjøparar.

### **Vurdering:**

Den ulovlege bruken av hyttene i tidlegare Rauland Feriesenter Eiendom AS og i detaljreguleringsplan for Leirgravstaulen har ikkje opphøyr. Det gjeld no alle hyttene i desse to områda fordi dei 3 hyttene som var i utleige i juni 2014 ikkje har utleigekontrakt pr. dags dato. Alle hyttene er no i bruk som reine private hytter sjølvom det er gjeve god tid til å rette seg etter pålegget som blei gjeve i juni 2014.

Den vidare oppfylgjing er å gjeva hytteeigarane pålegg om retting og pålegg om stans av den ulovlege bruken i medhald av plan- og bygningslovens § 32-3 . Det bli gjeven ein frist for oppfylgjing. Samstundes med at det bli utferda pålegg kan det også fastsetjast tvangsmulkt og elles opplysingar om at pålegget vil kunne fylgjast opp med forelegg som kan få verknad som rettskraftig dom.

Det må også gjevast varsel med pålegg om bruksendring og varsel om tvangsmulkt til dei 3 hyttene som har kome til etter at varsel blei sendt ut i fjor, og dette er heimla i vedtaket i PLM av 04.06.2014.

### ***Rådmannens framlegg til vedtak:***

<p><b>Rådmannen får fullmakt til å gje pålegg om retting og pålegg om stans i medhald av plan-og bygningslovens § 32-3 når det gjeld hytter/einingar i tidlegare Rauland Feriesenter Eiendom AS og detaljreguleringsplanen for Leirgravstaulen.</b></p>
---

Rådmannen,

Jan Myrekrok, rådmann /s/